

# KJÆRLEIK OG VIGSLE I DØLGSMÅL

Brevartikkel tilrettelagt av Eva Almhjell.



**Olav Sletto (1886-1963).**  
Frå Hol i Hallingdal. Son av tenestjenta Anne J. Sletto. Født utanfor ekteskap. Foto: Studio, Rue de Mayor, Sveits 1909 (?)

**Karin Bryde (1884-1965).**  
Skipsreiardotter frå Sandefjord. Mor: Karen Bryde, Far: Johan Maurits Bryde. Foto: M. Himberg, Sandefjord, 1912 (?). Utlånt av Are von der Lippe.

Biletmontasje: Bjørn Furuseth, Hol Bygdemarkiv.

## Det fyrste møtet

Det var på Notodden lærarskule Olav og Karin treftest, under eit elevstemne forsommaren 1908. Ho hugsar det som var dei fortrylte, begge to. Det skulle likevel ta fleire år før dei vart eit par. Det var eit heilt drama!

Men var det noko underleg ved det, at to unge menneskje treftest på ei elevfest – og fann kvarandre? Dei var kanskje ikkje dei einaste i festlyden som vart ramma av Amors piler, men det var likevel ikkje heilt sjølvstekt at det vart blink. Skulane for vaksen ungdom fungerte ofte som ekteskapsmarknad, og slik sett var dei viktige, både for å unngå innavl i små bygdemiljø og ei meir optimal genblanding i ein nokså lukka overklasse. Elevane kom frå ulike stader i landet, var omtrent jamngamle og det var ei god blanding av gutar og jenter. Men dei sosiale forskjellane kunne vera store og til dels uoverstigelege, som hjå desse to. Fjellguten ante – og held seg unda den rike. Men han hadde forfattarambisjonar, og det ga han seg ikkje på!

I 1908 debuterte han med fortellinga «*Dei gamle*», som handla om ein vakker og verdig død etter eit langt bondeliv. Dette var heimstaddikting av høg kvalitet, nett det bykritikarane ville ha frå provinsdiktarane. Ja, tilmed Bjørnstjerne Bjørnson, Olavs store forbilde, slutta seg til den urbane vellydsflokk. Det var spesielt, for det hadde laga seg rykte om at det var Bjørnstjerne Bjørnson som var far til Olav Sletto. Då det viste seg at Bjørnstjerne bevisleg var i Paris med nesten heile familien sin på den tid barnet må ha vorte unnfanga, datt botnen ut av rykta. *Ein* mangla likevel i Paris. Det var yngste sonen til Bjørnsons – Erling. Kvar var han? Far trudde han var i Bayern på landbruksskule, men slik var det ikkje. Då var han kan hende heime på Aulestad? Var det der Anne Sletto var tenestjente hausten 1885? Ingen veit, men bygdedyret visste gjera raske koblingar: Var det ikkje far, så var det nok sonen Erling. Korkje mor til Olav, Anne, eller sonen hennar avsanna desse rykta nokon gong. Tvert om. Dei spelte

på uvissa og laga seg gåtefulle. Var det kan hende den potensielle farfar som hausten 1908 inviterte den unge debutanten til samtale? Olav skriv om dette møtet i eit seinare brev til Karin, at han fortalde den store forfattaren om sin vonlause kjærleik til ei kvinne han hadde treft på vårparten. Den gamle ga inderlege råd om å halde på henne, for slike personlegdomar som han og Olav trengte nett slike kvinner. Kvinnas namn var Karin Bryde.



Kathrineborg, Karin Brydes heim i Sandefjord. Foto: Privat. Bildet er gitt att med tillatelse frå Are von der Lippe.

I Sandefjord levde **Karin Bryde** (1884-1965) sitt liv – mest som travel selskapsdame for mor si, Karen Bryde. På Notodden lærarskule utdanna ho seg til kunstveverske (1902). Ho vaks opp på Kathrineborg i Sandefjord. Far hennar, Johan Maurits Bryde, var skipsreiar, som fleire av brørne til Karin var det. Familien høyrde til den absolutte overklasse i småbyen ved Vestfoldkysten.

Ho kjende seg likevel framand i eigen familie, opptatt som ho var av åndelege tema, mens resten av familien var, meinte ho, materialistisk innstilt. Men rikfolk den gongen var ofte mesener for fattige kunstnarar. T.d. hadde målarer og bohemen Christian Krogh eit rom til sin disposisjon på Kathrineborg, og han var Karins forlover – in absentia – då Karin og Olav gifta seg i all hemmelegheit i Drammen i 1911.

### **Det åndelege som erotisk bindemiddel**

Det var interessa for det åndelege som batt Karin og Olav saman frå fyrst av, med ein sterk erotisk understrøm. Men før dei visste *det*, skreiv Karin og gratulerte Olav med debuten. Ho ynskte seg fleire bøker i same «aand». Så var det stille mellom dei – meir enn eitt år. Før jul 1910 kom det så eit teppe ho hadde vove til Olav, som sat skreiv i kammerset sitt hjå besteforeldra i Sletto i Hol. Det var hans faste base mellom kvar taleferd han var ute på.

### **Den store kjærleiken – lekamleg jubel**

Olav takka Karin for teppet i romjula 1910. Det var beskjedent frå starten av, men utover vinteren 1911 fata det i, og om våren sto logane høgt til vers: Dette var den store kjærleiken! Det var i breva dei gjorde seg kjende med kvarandre, for fysisk treftes dei berre ei gong i mai, og i juni 1911 møttest dei for andre og tredje gong. Den siste gongen la dei turen om Sandefjord, og Olav vart introdusert på Kathrineborg.

Etter meir enn åtte titals brev, dampande av ærbar, erotisert åndelegheit, hadde Olav med sine morosame, insisterande og forførande brev oppnådd det han ville: å vinne prinsessa i tårnet. Dei var samde om at no, no ville dei gifte seg. For Olav var det enkelt. Han sat i einsemd i Hol. Ingen blanda seg inn i hans disposisjonar. I Sandefjord var det verre. Karin var glad i mor si og redd for å såre henne og familien - trass alt. Dei levde så tett på kvarandre, dei rike i denne vesle kystbyen. Ho orda uttum om korleis det ville vera å gifte seg å halde fram med å bu frå kvarandre – type særbu 1911. Reaksjonane var som venta: Uverdig! Sånt gjør man ikke!

## Vigle i det dulde

Etter mykje fram og attende med praktiske førebuingar – dåpsattestar og andre dokument som kravdest, inkludert utmelding av statskyrkja for ein av dei - vart dato og stad bestemt. Det var Karin som insisterte på ikkje-kyrkjeleg vigle. Den åndeleg alternative hadde lite til overs for statskyrkja generelt – og presten i Sandefjord spesielt. Høgtida fann stad hjå byfogden i Drammen, 27. juli 1911. I det dulde. Det var Olav som kom til å melde seg ut av statskyrkja for at denne formen for viglse skulle kunne gjennomførast. Og det var presten i Hol, Einar Høyer, som var hans forlover, også in absentia. For sikkerheits skuld. Olav var kjendis vorten, og dåtidens paparazziaer var på sporet. Difor var dei to heilt aleine med sorenskrivaren, og ein assistent. Det var brura som stilte med ringar! Brudgommen hadde korkje pengar eller tanke for slikt.



Foto: E. Almhjell 2015.

Kai Fjells «Morgen» (1939/1943).

I dette måleriet uttrykkjer Kai Fjell på sitt vis det djupaste i Olav Sletto sin store morslengt, draumen om det han sjølv ikkje fekk som barn. For Kai Fjell var kvinna, og moderskapet i særklasse det han hylla. Det var kvinna og barnet som var stammen i livstreet. Desse to var ikkje samtidige, men ein kan likevel kalle motivet for Olav Sletto sin morslengt og mors-saknad i fortetta målarisk form.

Eigaren, Pål G. Gundersen, Vestlia Resort, Geilo, har tillate bruk av bildet her.

## Slettos kvinneideal

Olav takkar for kunstteppe som Karin Bryde hadde vove og sendt til han før jul 1910. Det hadde eit uglemotiv, som han legg mykje av sin draum om kvinna, livet og samlivet i. I takken meistar han ut rolledelinga mellom mann og kone: Ho skal vera mor og dronning i sitt eige rike - i heimen - og berre der. Kai Fjell har fanga essensen i moderskapet – innanfor ekteskapets rammer - i måleriet «Morgen» (sjå bildet over). Mannen skal beskytte flokken sin på alle vis. Det var ikkje noko uvanleg med denne rolledelinga. Den var vanleg på begynnelsen av 1900-talet, då kyrkja framleis hadde eit fast grep om folket, og då meir enn 80% av det var knytt til landbruket. Men det fanst dei som gjorde opprør. Kvinners kamp for stemmerett og likestilling innan m.a. utdanning og økonomi hadde pågått i fleire tiår, drive fram av kvinner, mange av dei frå overklassen. Men kvinnesakskvinner hadde Olav mest sans for når han hadde nytte av dei, t.d. gratis kost og husly. Dei var ellers for lite kvinnelege for han.

Karin var også høgstemt i sin song til den tradisjonelle familien. Ho var redd oppbrudda som ofte følgde det moderne ekteskapet, og som ho fekk heilt innpå livet i eigen familie. Karin høvde inn i Olavs kvinnebilde: Han fann henne ujalte, med lekamlege liner som minna om ei velgjort fele, god spela på, også! Ho var danna og litterært skolert – som ei god bok ein kunne lesa om att og om att og stendig finne nytt tilfang. Ho streba mot «det fuldkomne»! Og Karin sjølv syns nok ho var på god veg mot det målet med brudgommen sin: Vakker og intelligent var han, lang og slank, alltid velstelt og pen i tøyet, førde seg høvisk og mestra kunsten å samtale – og skrive! Han var ein intellektuell kapasitet. Ein suksessrik bokdebutant! Kan hende tok Karin det for gitt at han også ville sørge for at ho alltid fekk det slik ho hadde vore vant til: Solid økonomi? Svaret på det spørsmålet ligg enno i framtida.

### **Eg din – du min – i all æva!**

I brev frå Hol 10.8.1911, skriv Olav til Karin: Kom innerlegt inn til meg, Karin, livet mitt! Me kann gaa med rein vilje framfor Gud. Du var mi mor fyrr du vart mitt viv, og eg var noko av eitt barn fyrr eg vart din mann! Eg hev graate den vaksne manns taarar ved din barm! Evig takk! Og tvo unge likamar skalv øre, varme mot kvarandre fyllt av den reinaste eld! Dei var viv og mann! **”Du er min – eg din i all æva!”**

Den nygifte Olav, guten som vart forlatt av mor som spebarn, har fått utløp for sin djupe morslengt hjå Karin: Ho var hans mor – og han hennar *son*, faktisk – før ho vart hans viv.

Draumane var der – for dei begge. Og dette vart eit romantisk drama! Av breva kan ein lesa korleis pasjonen vaks frå nyttår til vigsla 1911. Men trass heite ord, merkar ein seg at dei var De-s nesten fram til dei vart ektefolk!

Begge er truande, dei ber til «de høiere magter» og set sin lit til ei styrande hand utanfor dei sjølve. Mengda brev som rann inn i Sletto vart lagt merke til, sjølvsagt. Fjellbygda hadde så visst snakke om, denne herrens haust 1911!



Britannia Hotel i Drammen 1911. Teikning frå hotellets brevar. Foto: E. Almhjell.

Britannia Hotel i Drammen husa dei nygifte, i tre herlege døger. Her fekk brudgommen gråte ut sin morslengt ved barmen å sitt viv, her vaks han fram som den sterke mannen som for all tid ville verne om si brur, skriv han.

Mens ho orsaka seg for ikkje heilt å ha greidd skapa det «fuldkomne» i det fyrste erotiske møtet. «Det fuldkomne» var målet for alt Karin Bryde, nygift Sletto, gjorde.

Olav Sletto var i 1911 også kjent som ein stortalar. Han var på taleferder for Noregs Ungdomslag i heile Sør-Norge. Det var hans kvardag, som han vende attende til etter vigsla. Denne gongen gjekk turen oppover Numedal og vidare heim til besteforeldra i Hol. Han samla masse folk på møta sine! Karin sette seg på toget til Sandefjord, tilbake til ein kvardag som selskapsdame for ei mor, som var uvitande om yngstedottera, den snille og lydige, sine ville påfunn. Det plaga Karin. Hemmelegheita sprakk da også etter eit par veker. Og mor tilga. Men ellers utad skulle alt vera som før vigsla. Det var likevel høgtid, fryd og djup takksemnd over minna dei nygifte bar med seg frå jubeldagane i Drammen.

Kathrineborg, 30.7.1911

Min store og herlige ven!

Atter sidder jeg her – i stolte og lykkelige tanker! Du er den eneste for mig i den store vide verden! Og jeg ved det for visst, at aldrig møder jeg nogen, som kommer op mod dig, for du er den største og den herligste mine øine har mødt og vil møde! Jeg elsker dig ud over alle grænser. Det ser jeg bedst nu, da det er verst for mig at være alene! ...

Her tager jeg dig saa varmt om halsen og ser dig ind i øinene, og jeg beder baade dig og meg tænke: Lad os faa leve et liv saa helt for hinanden, at vi aldrig kan blive ulykkelige! (hvordan

det ellers vil gaa os). Vi maa faa have et liv saa nært til hinanden, at vi aldrig kan føle os ene! Vi to - étt rige! ... Og det vil blive baade underligt og vakkert! Jeg er vis paa det! Her kysser jeg dig længe - - længe! ....

Før jeg gik for at hvile, tog jeg mig en tur bort til Britannia, hvor jeg sendte den sidste hilsen indad de aabne vinduene – til vore værelser! ... Jeg tager dit hode og kysser din pande – dine øine og mund! Mit liv til din ære! Det er mit maal.- ...

Din viv. –

Frå han som no er attende i heimbygda Hol, kjem desse orda:

Hol, 2.8.1911

Mitt viv! – fru N.N!

No tek eg og kyssar deg – for her i gaar fekk eg ei heil brevsending fraa borgarmeisteren i Drammen. ... Ja, me vil liva for kvarandre, nær kvarandre. Det er berre me tvo i denne verdi! Eg ser det alltid betre, at du – trass heile di store slegt, er likso einsam som eg, men at du likso varmt stundar etter ditt menneskje, og slær armarne like fast som eg sjølv ikring ditt menneskje. Difor skynar eg, at me tvo skal naa fram til eit nærare samliv, enn det er dei fleste unt i livet.

Det er noko so ”overordentligt” i dette vaart forhold. So stillt som det kom, so ubønhøyrlegt var det i si magt! So rik paa ubøygjeleg lagnad! Tvo sjæler, einsame, forstod ropet aat einannan – det djupe, løynelege rop etter systemsjæl – eit rop liksom ute fraa sjøve ævorsdraumen. Tvo sjæler kjenner kall og krefter til eit liv i reinleik og venleik. Eg er i grunnen so stor fatalist, at eg av det som hev hendt oss, dreg den slutning, at vaar livsgang vert rik og fager. Me kjem til aa gjeva menneskje noko gjenom vaart arbeid og samliv. ... Takk at du sender manuskriptet [til Under domen]. No skal eg til aa skriva til Collin, V. Krag – Helge Rode i Kjøbenhavn. So er det gjort. Desse fortel eg at me er gifte. – Til forleggjaren gaar brev i morgon. Berre no ikkje konsulenten stengjer meg ute, so at ”sværdet brænder i de bundne hænder”. For eg veit at ”Under domen” er - trass alt som kannhende er mindre godt – verd aa koma ut millom menneskje. –

Som eg stundar etter deg mitt menneskje! Du er alt for meg du! Og det at du vilde vera vivet mitt til den einsamste i verdi, det skal verta di lukka! Og eg tek deg i armarne og slepper deg ikkje. Mange kyss, min varme! ...

Din eigen vesle «menuett»

Olav Sletto hadde eit kall. Han var forfattar. Å sjå om ikkje Loke var med, også under honningdagane i Drammen! Det skulle aldri bli annleis – diktinga var med. Det var forfattar Olav Sletto var, ein stilmeister av rang. Forvitneleg dikting skulle koma frå hans penn.

Korleis det gjekk med dei nygifte då dei vende attende til kvardagen, kjem i ein artikkel frå taleferda i Numedal, publisert på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) og [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no)

Kjelder:

Brev mellom Karin Bryde og Olav Sletto fram til 2.8.1911.

Litteratur:

Olav Sletto: Olver-bøkene, bind 6 «På alderstun», Norli 1963

Johs. A. Dale/L. Reinton: «Ei bok om Olav Sletto», Samlaget 1966

Eva Almhjell: Brev frå Olav Slettos taleferd i Agder våren 1911

Eva Almhjell: «Lyse utetter og verme innerter» - Slettos fem år i Vollen i Asker

Informasjon om artikkelforfattaren mv. er å finne til slutt i artikkelen frå Agder-ferda.